



Dok. ref.
20/829-23/K2-K12/8584

Dato:
03.05.2023

Møtereferat etter møte med grunneigarane - Mogeleg utviding av nasjonalparken og omgjerung av verneform

Møtetittel:	Møte med grunneigarar i Årdal om ei mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark og ei mogeleg endring av verneform delar av Utladalen landskapsvernområde
Møtedato:	02.05.2023
Møtetid:	14:00
Møteleiar:	Eline Orheim
Møtestad:	Kulturhuset i Øvre Årdal
Deltakarar:	Grunneigarane som er berørde av den mogelege utvidinga, Eline Orheim, Halvor Røssum, Anne Marie (etternavn?), Jorunn Teigen Hellem(Årdal kommune), Stig Stark-Johansen(Årdal kommune), Jasmin Eminovic frå Årdal fjellstyre
Kopi til:	

Eline ønska velkommen til grunneigarane.

Halvor Røssum gjekk gjennom ein presentasjon som omhandla kva oppdraget Statsforvaltaren i Vestland har fått, prosessen og om vidare prosess dersom Årdal kommune seier «ja» til oppstart. Presentasjonen omhandla kva konsekvensane av ei endra verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark er. Ønsket om å utvide Jotunheimen nasjonalpark baserar seg på at intakt og urørd natur er ei mangelvare. Klimaet og naturen slik vi kjenner den i dag er truga. 92 av alle verdensland har skrive under på ei naturavtale som seier at 30% av naturen skal vernast.

Utan lokal aksept, det vil seie eit politisk «ja» i kommunestyret, vil ikkje Statsforvaltaren i Vestland gå vidare med ei oppstartsmelding av vern. Eit vern vil sikre inngrepsfri natur i områder som i dag er inngrepsfrie. Ein kan legg inn lokalt tilpassa dispensasjonsreglar der det er fornuftig i ei forskrift. Ein framdriftsplan på vernet er ikkje laga. Det vil sei at ein ikkje kan bestemt sei når det eventuelt vert ein endeleg utvida vern, men det vil ta fleire år.

Anne Marie (etternavn?) frå Statsforvaltaren gjekk gjennom kva dei juridiske forskjellane på eit landskapsvernområde og nasjonalpark er med utgangspunkt i naturmangfaldslova. Dyrelivet i nasjonalparken er verna, men lovverket presiserar at det er høve til fiske og jakt i henhold til gjeldande regelverk. I landskapsvernområde er ikkje dyrelivet i seg sjølv verna. I utgangspunktet er det eit generelt forbod mot all motorferdsel, men det kan bli gjeve adgang til dette ved nokon formål. I grove trekk er det lik mogelegheit til motorferdsel i landskapsvernområde og nasjonalparker. Det er ingen forskjell på omsynet til kulturminne, forureining og støy i dei to verneformåla.



Begge desse presentasjonane vert lagt ut på heimesidene til Statsforvaltaren i Vestland.

Kommunedirektør Stig Stark-Johansen stiller spørsmål om kor langt unna ein nasjonalpark ein kan gjer tiltak. Eline svarar at det ikkje er fastsette grenser, men at det må gjerast ei vurdering opp mot formålet i vernebestemmelsane. Kommunen er planmynde, men dersom nasjonale verdiar ikkje blir godt nok ivaretatt kan Statsforvaltaren koma med merknader til saka. Eline viser til eit eksempel ved Jostedalsbreen nasjonalpark i Sunnfjord kommune der det er omsøkt ein landingsplass som etter deira vurdering er for nært nasjonalparken. Eit anna eksempel er eit tiltak som via-ferrata ved Hornelen nasjonalpark. Her er naturverdiar avklart i plan. Tiltaket er ikkje til hinder for nasjonalparken.

Det vert stilt spørsmål frå grunneigar Øyvind Hjelle om kartet som viser områda som er tenkt omgjort verneform. Han stiller spørsmål om dette var dei same karta som sist, da han meiner at det ikkje kom fram i førre møtet at Fremre Hjelledalen var vurdert omgjort. Halvor Røssum forklarar at det er dei same karta i begge møtene, men at det da ikkje har blitt kommunisert godt nok.

Det blir stilt spørsmål om utvidinga av Jotunheimen i Årdal er avhengig av at Luster kommune seier «ja» for utvidinga i det som omfattar utvidinga i deira kommune. Eline avkreftar dette. Det vert vist til ein anna mogeleg utviding der to av tre kommunar sa «ja», men den tredje kommunen sa «nei». Kommunen som sa «nei» hadde 70% av det nye verneområdet innanfor sine grenser. Verneprosessen vart skrinlagt. Verneprosessen i Årdal kommune er ikkje avhengig av eit «ja» i Luster kommune.

Grunneigar (mann med skjegg og briller) stiller spørsmål om eit eventuelt vindmølleanlegg ikkje bør setjast opp i nærleiken av ein nasjonalpark med omsyn til visuell forureining. Eline og Anne Marie svarar at innanfor grensens til ein nasjonalpark vil dette vera eit varig inngrep og det vil ikkje verte tillatt med vindmøller der. Utanfor nasjonalparken baserar det seg på kva formålet bak vernet er. Vindmølleanlegget og utvidinga av nasjonalparken er to parallelle spor som kommune står fritt til å forfølge. Areal som i media har vore omtala som aktuelle for vindmølleanlegg er villreinområder. Dette gjels Åsenosi og områda sør-vest for Sletterust. Villreinen er ein norsk nasjonal ansvarsart som me har eit spesielt ansvar for å ivareta. Det foregår i dag ein prosess for å revidera kvalitetsnormen for villreinen. Det er villreinsenteret i Nord eller Sør som utfører dette arbeidet. Dette er ei stor kartlegging og det er forventa ein ferdig rapport til hausten.

Øyvind Hjelle seier at det er viktig at dei som er grunneigarar får mogelegheit til å påverke og meiner at grunneigarane kanskje burde ha juridisk assistanse gjennom heile prosessen som kan vera eit felles talerøyr inn mot kommunen og til ei høyring. Saka skal fyrst behandlast av administrasjonen i kommunen, men stiller spørsmål til kva som skjer vidare. Det vert uttrykka bekymring for at grunneigarane ikkje vert høyrte.

Kommunedirektør Stig Stark-Johansen seier at det er mogelegheit for at grunneigarane møter administrasjonen i kommune for å sikra at dei vert høyrte fram mot eit vedtak som positiv eller negativ innstilling til utvida vern. Dette kan skje utan at Statsforvaltaren er tilstades. Stig ber om at grunneigarane har ei referansegruppe.



Eline Orheim påpeiker at oppsummeringa og notatet som baserar seg på grunneigarmøtene og folkemøtene som vart gjennomført i januar og mai. Dette vil ligge ved i saka som skal politisk handsamast.

Øyvind Hjelle spør kva det er som talar i mot eit slikt vern. Kommunedirektøren svarar at Årdal er ein industrikommune. Årdal kan slita dersom eit vern fører til at det ikkje kan gjerast tiltak i naturen rundt oss. Dersom det skal bu folk her inne i Årdal må me ha energi. Eline Orheim meiner at slik som saka ligg no kan det vera aktuelt med eit kompromiss der deler av områda som er føreslått blir verna, medan andre områder vert tatt ut. Dette på tross av at Statsforvaltaren ønskjer at heile det føreslegne området vert verna.

Grunneigar (mann med skjegg og briller) trur ikkje at alle grunneigarane er einige. Det viktigaste er at grunneigarane blir høyrte. Grunneigaren er for at det skal vernast mest mogeleg.

Eline Orheim: Det handlar om store globale prosessar. Noreg som nasjon har eit ansvar for å verna naturen.

Øyvind hjelle ber om at kommunen kallar inn til møte med grunneigarane.

Eline Orheim forklarar at det er viktig å bruke nok tid i denne fasen slik at alle kan ta eit opplyst val og ikkje føler seg pressa til vern.

det har vore gjennomført tilsvarande møte i Luster og der vart Statsforvaltaren møtt med ein «fornuftig skepsis». Det dukka opp mykje av dei same spørsmåla som har dukka opp i Luster som i Årdal. Av Noreg sitt totale areal er 17,5% verna.

Grunneigar(Mann med rutete skjorta og briller som sat midt på langbordet) stiller spørsmål om kva som skjer dersom Årdal kommune seier «nei» og ein nærmar seg 2030 og 30% av Noreg sitt areal ikkje er verna. Vil det enda i eit tvangsvern? Eline svarar at det ser ikkje slik ut no. Vetoretten kommunen har ser ikkje ut til å forsvinna.

Årdal Fjellstyre ved Jasmin Eminovic ber om eksempel på kommunar som har sagt «nei» til vern. Det vert opplyst frå Statsforvaltaren i Vestland om at Kvam og austsida av Jotunheimen har sagt nei. Bremanger skal ta stilling til vern i mai/juni i år. Masfjorden har sagt «ja». Statsforvaltaren informerte litt om det marine vernet av Sognefjorden som går parallelt med det mogelege utvida vernet av Jotunheimen.

Jorunn Teigen Hellem
Kommuneplanleggar